# Bjørnafjorden kommune

## Omdisponering av belønningsmidlar (post 66) i Miljøløftet

| | |
|---|---|
| Saksbehandlar:<br>Kaisa Tonheim Banne | Arkivkode:<br>K20 |
| Arkivsaksnr.:<br>21/4277 | JournalpostID:<br>23/21219 |

| Saksnr: | Utval: | Dato: |
|---|---|---|
| 79/2023 | Bjørnafjorden formannskap | 01.06.2023 |
| 93/2023 | Bjørnafjorden kommunestyre | 15.06.2023 |

**Vedtak som innstilling frå Bjørnafjorden formannskap - 01.06.2023 - 79/2023**

Kommunestyret vedtar følgane omdisponeringar av tildelte belønningsmidlar (post 66):

| Prosjekt | Omdisponering |
|---|---|
| Bjørnafjorden som regional kollektiv-HUB | - 100 000 |
| Detaljprosjektering av utkraging av Sentrumsbrua | - 75 000 |
| Fotgjengarovergang på Særvoll | -50 000 |
| GS- løysing langs bilveg samt GS-bru over Pøyla | - 225 000 |
| GS-løysingar på Osøyro - del av knutepunkts-/sentrumsutvikling | -100 000 |
| Lepsøyvegen (Trolldalen) - trygg GS-løysing etter differenisert standard | -2 000 000 |
| Mulegheitsstudie av GS-løysing Søfteland - Lyseparken | -50 000 |
| Passering, volumstudie og fleirbruk av ny kollektivterminal | -150 000 |
| Utprøving av ringbuss som konsept for Osøyro | -200 000 |
| Venteskur/toalett Hatvik ferjekai | - 150 000 |
| Berekraftig og attraktivt Osøyro | 425 000 |
| GS-løysing langs Nilsavegen (del av Nilsavegen - Lepsøyvegen/Trolldalen | 323 000 |
| Fortau langs Gymnasvegen (del 2) | 1 000 000 |
| Innfartsparkering Lyseparken | 1 000 000 |
| Styrking av innfartsparkering Lyseparken | 352 000 |

**Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:**

Kommunestyret vedtar følgane omdisponeringar av tildelte belønningsmidlar (post 66):

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

| Prosjekt | Omdisponering |
|---|---|
| Bjørnafjorden som regional kollektiv-HUB | - 100 000 |
| Detaljprosjektering av utkraging av Sentrumsbrua | - 75 000 |
| Fotgjengarovergang på Særvoll | -50 000 |
| GS- løysing langs bilveg samt GS-bru over Pøyla | - 225 000 |
| GS-løysingar på Osøyro - del av knutepunkts- /sentrumsutvikling | -100 000 |
| Lepsøyvegen (Trolldalen) - trygg GS-løysing etter differenisert standard | -2 000 000 |
| Mulegheitsstudie av GS-løysing Søfteland - Lyseparken | -50 000 |
| Passering, volumstudie og fleirbruk av ny kollektivterminal | -150 000 |
| Utprøving av ringbuss som konsept for Osøyro | -200 000 |
| Venteskur/toalett Hatvik ferjekai | - 150 000 |
| Berekraftig og attraktivt Osøyro | 425 000 |
| GS-løysing langs Nilsavegen (del av Nilsavegen - Lepsøyvegen/Trolldalen | 323 000 |
| Fortau langs Gymnasvegen (del 2) | 1 000 000 |
| Innfartsparkering Lyseparken | 1 000 000 |
| Styrking av innfartsparkering Lyseparken | 352 000 |

Bjørnafjorden, den 02.05.2023

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

**Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval:**
**BJØRNAFJORDEN KOMMUNESTYRE 15.06.2023**

**Behandling:**
Votering:
Innstillinga frå Bjørnafjorden formannskap blei samrøystes vedtatt.
**Vedtak:**

Kommunestyret vedtar følgane omdisponeringar av tildelte belønningsmidlar (post 66):

| Prosjekt | Omdisponering |
|---|---|
| Bjørnafjorden som regional kollektiv-HUB | - 100 000 |
| Detaljprosjektering av utkraging av Sentrumsbrua | - 75 000 |
| Fotgjengarovergang på Særvoll | -50 000 |
| GS- løysing langs bilveg samt GS-bru over Pøyla | - 225 000 |
| GS-løysingar på Osøyro - del av knutepunkts-/sentrumsutvikling | -100 000 |
| Lepsøyvegen (Trolldalen) - trygg GS-løysing etter differenisert standard | -2 000 000 |
| Mulegheitsstudie av GS-løysing Søfteland - Lyseparken | -50 000 |
| Passering, volumstudie og fleirbruk av ny kollektivterminal | -150 000 |
| Utprøving av ringbuss som konsept for Osøyro | -200 000 |
| Venteskur/toalett Hatvik ferjekai | - 150 000 |
| Berekraftig og attraktivt Osøyro | 425 000 |
| GS-løysing langs Nilsavegen (del av Nilsavegen - Lepsøyvegen/Trolldalen | 323 000 |
| Fortau langs Gymnasvegen (del 2) | 1 000 000 |
| Innfartsparkering Lyseparken | 1 000 000 |
| Styrking av innfartsparkering Lyseparken | 352 000 |

**BJØRNAFJORDEN FORMANNSKAP 01.06.2023:**

**Behandling:**
Saka blei behandla etter sak 86/2023

Votering:
Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei samrøystes vedtatt.
**Vedtak:**

Kommunestyret vedtar følgane omdisponeringar av tildelte belønningsmidlar (post 66):

| Prosjekt | Omdisponering |
|---|---|
| Bjørnafjorden som regional kollektiv-HUB | - 100 000 |
| Detaljprosjektering av utkraging av Sentrumsbrua | - 75 000 |
| Fotgjengarovergang på Særvoll | -50 000 |
| GS- løysing langs bilveg samt GS-bru over Pøyla | - 225 000 |
| GS-løysingar på Osøyro - del av knutepunkts-/sentrumsutvikling | -100 000 |
| Lepsøyvegen (Trolldalen) - trygg GS-løysing etter | -2 000 000 |

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

| | |
|---|---|
| differenisert standard | |
| Mulegheitsstudie av GS-løysing Søfteland - Lyseparken | -50 000 |
| Passering, volumstudie og fleirbruk av ny kollektivterminal | -150 000 |
| Utprøving av ringbuss som konsept for Osøyro | -200 000 |
| Venteskur/toalett Hatvik ferjekai | - 150 000 |
| Berekraftig og attraktivt Osøyro | 425 000 |
| GS-løysing langs Nilsavegen (del av Nilsavegen - Lepsøyvegen/Trolldalen | 323 000 |
| Fortau langs Gymnasvegen (del 2) | 1 000 000 |
| Innfartsparkering Lyseparken | 1 000 000 |
| Styrking av innfartsparkering Lyseparken | 352 000 |

**Samandrag:**

Saka gjeld omdisponering av belønningsmidlar i Miljøløftet. Bjørnafjorden kommune hadde ved årskiftet nær 5 mill. kr ståande på fond som er tildelt konkrete tiltak. Kommunedirektøren ynskjer å nytte delar av det opparbeida fondet (3 100 000,-) til å gjennomføre tiltak som er klar for gjennomføring i 2023, men som manglar finansiering.

Prosjekta som det skal omdisponerast belønningsmidlar (post 66) frå er:

| Prosjekt | Tildelt hittil | Omdisponering | Tildelt etter omdisponering |
|---|---|---|---|
| Bjørnafjorden som regional kollektiv-HUB | 100 000 | - 100 000 | - |
| Detaljprosjektering av utkraging av Sentrumsbrua | 75 000 | - 75 000 | - |
| Fotgjengarovergang på Særvoll | 50 000 | -50 000 | - |
| GS- løysing langs bilveg samt GS-bru over Pøyla | 300 000 | - 225 000 | - |
| GS-løysingar på Osøyro - del av knutepunkts-/sentrumsutvikling | 100 000 | -100 000 | - |
| Lepsøyvegen (Trolldalen) - trygg GS-løysing etter differenisert standard | 4 500 000 | -2 000 000 | 2 500 000 |
| Mulegheitsstudie av GS-løysing Søfteland - Lyseprken | 125 000 | -50 000 | 75 000 |
| Passering, volumstudie og fleirbruk av ny kollektivterminal | 150 000 | -150 000 | - |
| Utprøving av ringbuss som konsept for Osøyro | 200 000 | -200 000 | - |
| Venteskur/toalett Hatvik ferjekai | 150 000 | - 150 000 | - |
| Totalt | | -3 100 000 | |

Prosjekt det skal omdisponerast midlar til er:

| Prosjekt | Tildelt hittil | Omdisponering | Tildelt etter omdisponering |
|---|---|---|---|
| Berekraftig og attraktivt Osøyro | 275 000 | 425 000 | 700 000 |
| GS-løysing langs | 500 000 | 323 000 | 823 000 |

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

| | | | |
|---|---|---|---|
| Nilsavegen | | | |
| Fortau langs Gymnasvegen del 2 | - | 1 000 000 | 1 000 000 |
| Innfartsparkering Lyseparken | | 1 000 000 | 1 000 000 |
| Styrking av innfartsparkering Lyseparken | | 352 000 | 352 000 |

Konsekvensar av saka/vedtaket:
Økonomi: Gjennom Miljøløftet er Bjørnafjorden sikra nærare 300 millionar kroner til tiltak i perioden 2019-2029. Omdisponering av belønningsmidlar får ikkje konsekvensar for Bjørnafjorden kommune sitt budsjett.
Klima: Det er krav til at prosjekt som blir gjennomført gjennom Miljøløftet skal bidra til reduserte klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy, og på den måten understøtte FN sitt berekraftsmål 13 "Stoppe klimaendringane". Forslag til vedtak vil bidra lågare klimagassutslepp ved at fleire vil kunne gå og sykle.
Folkehelse: Effektane av tiltaka i Miljøløftet skal bidra til at det blir meir attraktivt å gå og sykle, og vil på den måten kunne bidra til betre folkehelse og understøtte FN sitt berekraftsmål 3 "God helse og livskvalitet" og 11 "Berekraftige tettstader og lokalsamfunn"

**Saksframlegg:**

Miljøløftet er samarbeidet om byvekstavtalen for Bergensområdet som er inngått mellom Samferdsledepartementet (ved Statens vegvesen), Jernbanedirektoratet og Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (ved Statsforvaltaren i Vestland) og Vestland fylkeskommune og kommunane Bergen, Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Byvekstavtalen sikrar Bjørnafjorden kommune nærare 300 millionar kronar i avtaleperioden (2019- 2029) til investeringsprosjekt og tiltak som bidreg til nullvekstmålet:

- I byområda skal klimagassutslepp. kø, luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransporten takast med kollektivtransport, sykling og gange.

Midlane som Bjørnafjorden har tilgjengeleg gjennom Miljøløftet blir tildelt over programområdemidlar (post 30) og belønningsmildar (post 66) i dei årlege statsbudsjetta.

**Programområdemidlar (post 30):** For avtaleperioden er det sett av 25 mill. 2020-kr i årleg gjennomsnitt og totalt 275 mill. kr til Bjørnafjorden kommune. I utgangspunktet er dette pengar som skal nyttast til tiltak på riksveg, men kan og nyttast på kommunale vegar og fylkeskommunale vegar. Det er då knytt krav om at eitt av to premiss må vere oppfylt:

- Prosjektet må bidra til større måloppnåing (enn andre prosjekt på riksveg)
- Prosjektet må vere meir kostnadseffektivt eller ha større samfunnsøkonomisk lønnsomheit (enn andre prosjekt på riksveg)

Tilskotet over post 30 kan ikkje nyttast til planlegging eller prosjektering, og det må føreligge godkjent reguleringsplan året før prosjekt kan få tildelt midlar over denne posten i statsbudsjetta.

**Belønningsmidlar (post 66):** Det er sett av omlag 2,01 mill. 2020-kr i årleg gjennomsnitt for Bjørnafjorden kommune. Belønningsmidlar skal bidra til å betre framkome, miljø og helse ved å dempe vekst i personbiltransport og auke talet på kollektivreiser. Midlar kan nyttast til planlegging og prosjektering. Difor blir mange prosjekt finansiert med både post 66 og post 30 midlar.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

I 2023 heldt staten tilbake midlar fordi kommunane har bygd opp store fond. Dette gjeld også Bjørnafjorden kommune. Det er difor trong til å omdisponere midlar til prosjekt som kan la seg gjennomføre snarleg om vi skal få belønningsmidlar til nye prosjekt. Det er også nokre prosjekt som ikkje kan kome til gjennomføring eller skal gjennomførast av andre.

Kommunen har hittil fått 7 425 000,- i belønningsmidlar. Per 1. januar 2023 stod det att nær 5 mill. kr,- i belønningsmidlar på fond.

Kommunen behandla handlingsprogram 2023 - 2026 i sak 21/4277. Følgande prosjekt var prioritert over post 66:

- Attraktivt og berekraftig Osøyro
- E39 Søfteland sentrum - forstudie GS-løysingar
- Sykkelstrategi for Bjørnafjorden
- GS-bru over Pøyla
- Mulegheitsstudie av GS-løysing Søfteland - Lyseparken
- Distribusjonssenter for hydrogen
- KV1128 Nilsavegen
- Utprøving av ringbuss som konsekt for Osøyro
- Trygg sykkelparkering

Av desse fekk Trygg sykkelparkering og Sykkelstrategi for Bjørnafjorden tildelt midlar i 2023. Oversikt over alle prosjekt som har fått tildelt Belønningsmidlar sidan 2021 er lagt ved.

Ein del av prosjekta som har fått tildelt belønningsmidlar tidlegare år har ikkje lenger behov for midlane. Til dømes tek fylkeskommunen over nokre prosjekt og vil gjennomfør dei med eigne midlar. Medan enkelte prosjekt ikkje vil kunne gjennomførast. Til dømes vil ikkje Skyss prøve ut ei ordning med ringbuss på Osøyro. Difor kan vi omdisponere midlar desse prosjekta har fått gjennom tidlegare handlingsprogram. Det er også foreslått å samle ein del prosjekt i Osøyro under prosjektet Berekraftig og attraktivt Osøyro slik at tiltak her kan sjåast i samanheng, og kommunen kan rapportere på eit prosjekt. I tillegg er det nokre nye prosjekt som vi foreslår at får belønningsmidlar. Dette er Innfartsparkering Lyseparken som alt er gjennomført. Kommunestyret er orientert om dette muntleg. Innfartsparkeringsplassane er mykje brukt og det blir foreslått å styrke den midlertidige innfartsparkeringa ytterlegare.

Det er mogeleg å omdisponere 3 100 000,- i 2023. Tabellen nedanfor syner omdisponeringane og nærare grunngjeving.

| **Prosjekt** | **Tildelt hittil** | **Omdisponering** | **Totalt etter omdisponering** | **Årsak** |
|---|---|---|---|---|
| Bjørnafjorden som regional kollektiv-HUB | 100 000 | - 100 000 | - | Tiltaket blir vurdert gjennomført under Berekraftig og attraktivt Osøyro |
| Detaljprosjektering av utkraging av Sentrumsbrua | 75 000 | - 75 000 | - | Tiltaket blir vurdert gjennomført i prosjektet Berekraftig og attraktivt Osøyro |
| Fotgjengarovergang på Særvoll | 50 000 | -50 000 | - | Vestland fk skal bygge og finansiere prosjektet |
| GS- løysing langs bilveg samt GS-bru over Pøyla | 300 000 | - 225 000 | 75 000 | Prosjektet blir finansiert med tiltakspakkemidlar frå |

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | E39 Svegatjørn - Rådal |
| GS-løysingar på Osøyro - del av knutepunkts-/sentrumsutvikling | 100 000 | -100 000 | - | Tiltaket blir vurdert gjennomført i prosjektet Berekraftig og attraktivt Osøyro |
| Lepsøyvegen (Trolldalen) - trygg GS-løysing etter differenisert standard | 4 500 000 | -2 000 000 | 2 500 000 | Prosjektet er forseinka på grunn av at grunnerverv tek tid. Vestland fk skal stå for grunnerverv |
| Mulegheitsstudie av GS-løysing Søfteland - Lyseparken | 125 000 | -50 000 | 75 000 | Blir løyst i eit større utgreiingsarbeid med ny veglinje og gang- og sykkelløysingar for Søfteland |
| Passering, volumstudie og fleirbruk av ny kollektivterminal | 150 000 | -150 000 | - | Tiltaket blir vurdert gjennomført i prosjektet Berekraftig og attraktivt Osøyro |
| Utprøving av ringbuss som konsept for Osøyro | 200 000 | -200 000 | - | Skyss ønsker ikkje å prøve ut ringbuss på Osøyro |
| Venteskur/toalett Hatvik ferjekai | 150 000 | - 150 000 | - | Vestland fylkeskommune skal bygge og finansiere prosjektet |
| Berekraftig og attraktivt Osøyro | 275 000 | 425 000 | 700 000 | Prosjektet samlar aktuelle tiltak i Osøyro for å kunne sjå dei samanheng |
| GS-løysing langs Nilsavegen (del av Nilsavegen - Lepsøyvegen/Trolldalen | 500 000 | 323 000 | 823 000 | Prosjektet er ferdig, men fekk ikkje tildelt nausynte midlar i statsbusjett |
| Fortau langs Gymnasvegen (del 2) | - | 1 000 000 | 1 000 000 | Prosjektet fekk ikkje tildelt midlar i statsbudsjett. |
| Innfartsparkering Lyseparken | - | 1 000 000 | 1 000 000 | Tiltaket er gjennomført, men fekk ikkje tildelt midlar over post 30. Kommunestyret er informert muntleg, men må vedta omdisponeringa formelt. |
| Styrking av innfartsparkering Lyseparken | - | 352 000 | 352 000 | Kommunedirektøren ønsker å utvide det midlartidige tilbodet i Lyseparken. |

Kommunestyrets vedtak vil bli spelt inn til prioriteringsrådet i Miljøløftet og vedteke endeleg av styringsgruppa for Miljøløftet.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

**Vurdering**

Alternativet til å ikkje foreta disponeringar som foreslått er at Bjørnafjorden har belønningsmidlar på fond. Det vil sikre at dei prosjekta som har fått belønningsmidlar kan startast opp når dei er klare til gjennomføring. Nokre prosjekt vil derimot ikkje la seg gjennomføre slik at ei omdisponering må til for at midlane kan nyttast. Bjørnafjorden kan risikere å ikkje få nye belønningsmildar før desse er nytta.

Dersom kommunen ikkje omdisponerer midlar til dei planavklarte prosjekta, må desse prosjekta vente på tildelingar. Truleg må dei også vente til allereie tildelte belønningsmidlar er nytta til dei prioritere prosjekta før Bjørnafjorden får tildelte nye belønningsmidlar.

Når det gjeldt prosjektet Lepsøyvegen – Trolldalen, som Miljøløftet vil spele inn til post 30, så kan ein risikere at prosjektet ikkje vil få tildelt midlar i statsbudsjett i 2025. Prosjektet var uansett ikkje fullfinansiert med 4,5 mill. kr over post 66, så vi må spele prosjektet inn i statsbudsjettet. Kor mykje vi spelar inn til post 30 midlarskal ikkje ha betydning. Vedteken byvekstavtale sikrar at Bjørnafjorden skal få totalt 275 mill. kr over post 30. Vi er av den oppfatning at Lepsøyvegen – Trolldalen har god måloppnåing og vil kunne nå opp i konkurransen med andre prosjekt under post 30 så snart prosjektering og grunnerverv er ferdig. Partane kan vurdere å omdisponere nye belønningsmidlar til dette prosjektet seinare dersom prosjektet ikkje får midlar over post 30.

**Konklusjon**

Kommunedirektøren ber om at kommunestyret innstiller på omdisponeringane som foreslått ovanfor.

Bjørnafjorden, den 02.05.2023
Kaisa Tonheim Banne
Rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*